

Dei fyrste hjortane felt

05.09.2013

1. september starta hjortejakta og dei fyrste dyra er felt. Tor Øystein Kjærland har skote 2 og Runar Myklebust 1 men det er sjølv sagt allfor tidleg å veta noko om utsiktene, understrekar Svein Ottar Rørheim i valdet for Kjærland, Myklebust og Ytre Rød. Dei har også i år rett til å fella 30.

I Hauglandvaldet felte dei 3 den andre og 1 den tredje dagen.

Dei har også den same kvota som ifjor, nemlig 28.

Men for første gong på mange år er løyvetalet redusert i landets største hjortekommune - nærare bestemt med 70 til 1535

Lars Haugland i Hauglandvaldet er optimist ettersom dei har sett svært mange dyr framfor denne jakta. Flokkar på 10-20 har vore på dyrka mark utan at dei har anretta store skader. Men valdet har det ein må kalla eit luksusproblem - det er å bli kvitt alt kjøtet. Det er berre å ringa!

Fellingsrekorden i Kvinnherad vart sett i 2011 med 1250 dyr, men i fjor kom konklusjonen om at bestanden nok var på retur. No har det skjedd ein overføring av 7 vald til Jondal og i nokre vald har det vore ynskje om å redusera uttaket av eldre produksjonsdyr for å auka stammen.

Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes vil ikkje slå fast at det har vore tilbakegang i bestanden. Den har svingt mykje frå område til område. Det har variert sterkt gjennom mange år. Fellingstala i haust og observasjonar vil gje eit svar.

Av Ola Matti Mathisen